

Nok kraftutbygging i Jostedalen

Statkraft har søkt om konsesjon for å byggje ut åtte uregulerte elvar på vestsida av Jostedalen og nedre del Vigdøla. Det bør ikkje Statkraft få lov til.

Vassdraga i Jostedalen er alt hardt utbygde. Austsida av dalen vart utbygd i 1980-åra frå Styggevatnet til Vigdalen. Heile 22 bekkeinntak tek vatnet frå alle større sideelvar i Jostedalen på denne strekninga. På vestsida ligg alt Leirdøla kraftverk og Tunsbergdalsmagasinet. Statkraft vil no ta dei åtte sideelvane frå og med Myklemyr til og med Tverradøla i Krundalen inn i dette magasinet. Vert planane gjennomførte, vil elva frå Nigardsbreen vere den einaste uregulerte på den 20 km lange strekninga med busetnad i bygda. Resultatet vil vere skjemmande tørrlagde elvelaup under inntaka på ca 520 m.o.h., altså midt i dalsida.

Jostedalen bør sparast mot fleire større inngrep av denne typen. Mange av dei utbyggings-truga elvane ligg i mykje brukte tuområde. Dette er ein stor ressurs både for fastbuande, reiselivet og framtidig tilflytting. Vestsiddeelvane ligg i beltet mellom busetnaden og Jostedalsbreen nasjonalpark. For friluftslivet og folket i bygda er det særskilt viktig å ha eit slikt samanhengande tuområde frå dalbotnen til breplatået der naturen og dei tradisjonelle stølsområda har unngått nyare større inngrep. Tuområde med



FØR OG ETTER: Hompedøla på Myklemyr

før (t.v.) og etter (t.h.) utbygging.

(Foto/visualisering: Aksjonsnemnda)

inngrep har bygda nok av. Vert elvane borte, må dei erstattast av hegningar. Det vil òg gjere området mindre attraktivt til turbruk både sommar og vinter.

Me ønskjer at dei komande generasjonane skal få høve til å oppleve frittrennande elvar nær busetnaden i bygda. Me ønskjer òg at dei komande generasjonane skal ha att tuområde som dei veksande aktivitetsbedriftene i reiselivet kan nytte seg av. Lett tilgjengeleg inngrepsfri natur vil bli stadig meir etterspurd. Tuområde prega av store inngrep har Jostedalen nok av.

I Vigdøla er det snakk om å utnytte det vatnet som vart att etter førre utbygging, og i Leirdalen skal Tunsbergdalsdammen hevast med fire meter. Inngrepa i desse dalane er store nok som dei er om dette ikkje skal come på toppen.

Det sterkaste lokale

argumentet for utbygginga har vore flaumsikringa som ligg i å temje nokre elvar som tidlegare har valda stor skade. Men den planlagde utbygginga vil ha minimal flaumdempe effekt fordi inntaka og tunnelen ikkje vil ta unna meir enn ein brøkdelen av vatnet i ein flaumsituasjon. Behova for andre flaumsikringstiltak i elvane vil såleis vere dei same med og utan utbygginga.

Reguleringane vil føre til at Jostedøla får kaldare vatn. Etter den førre utbygginga gjekk temperaturen ned og er no på den kritiske grensa for sjøauren. Marginane er små, og ytterlegare temperaturfall kan få store negative konsekvensar for fiskebestanden og elvefisket.

Me oppmodar såleis både Luster kommune, andre høyringsinstansar, NVE og



ETTER UTBYGGING: Vassdøla og Liadøla ved Sperlestølen etter utbygging.

(Foto/visualisering: Statkraft)

regjeringa til å seie eit klart nei til utbyggingsplanane.

**Bjørn André Skjæret, leiar
Karin Bakke, Steinar**

**Bruheim, Ingeborg Hess
Elgersma, Britt Kristin Ese,
Oddmund L. Hoel**
For Aksjonen Vestsida-
Vigdøla.no



UTBYGGING: Vestsiddeelbygginga (raudt) og eksisterande kraftverk (blått). (Kart: Statkraft/aksjonsnemnda)